



DEN NORSKE KIRKE  
Ungdommens kirkemøte

# PROTOKOLL UNGDOMMENS KIRKEMØTE 2022

7. - 11. OKTOBER 2022  
Sundvolden hotell, Hole





|  |           |
|--|-----------|
| <b>UKM 01.01/22 KONSTITUERING</b>                            | <b>4</b>  |
| UNGDOMMENS KYRKJEMØTE VEDTAK                                 | 4         |
| <b>UKM 01.02/22 MANDAT FOR VALKOMITEEN</b>                   | <b>10</b> |
| UNGDOMMENS KYRKJEMØTET VEDTAK                                | 10        |
| <b>UKM 02/22 ORIENTERINGAR</b>                               | <b>12</b> |
| UNGDOMMENS KYRKJEMØTE VEDTAK                                 | 12        |
| <b>UKM 03/22 VAL PÅ UNGDOMMENS KYRKJEMØTE 2022</b>           | <b>13</b> |
| UNGDOMMENS KYRKJEMØTE VEDTAK                                 | 13        |
| 3 medlemmar av Den norske kyrkja sitt ungdomsutval for 2 år: | 13        |
| 1 medlem av Den norske kyrkja sitt ungdomsutval for 1 år:    | 13        |
| 3 representantar til Kyrkjemøtet 2023:                       | 13        |
| 2 medlemmar av valkomiteen for Ungdommens kyrkjemøte 2023    | 13        |
| <b>UKM 04/22 TROSOPPLÆRING FOR FRAMTIDA</b>                  | <b>15</b> |
| SAMANDRAG  | 15        |
| <i>Komite A merknader</i>                                    | 15        |
| UNGDOMMENS KYRKJEMØTE VEDTAK                                 | 19        |
| <b>UKM 05/22 FORANDRINGSAGENTER</b>                          | <b>24</b> |
| SAMMENDRAG   | 24        |
| <i>Komite B merknader</i>                                    | 24        |
| UNGDOMMENS KIRKEMØTE VEDTAK                                  | 26        |
| <b>UKM 06/22 MANDAT FOR UNGDOMSTING I BISPEDØMMET</b>        | <b>30</b> |
| SAMMENDRAG   | 30        |
| <i>Komiteens merknader</i>                                   | 30        |
| UNGDOMMENS KIRKEMØTE VEDTAK                                  | 31        |
| <b>UKM 07/22 EN UNIVERSELT UTFORMET KIRKE</b>                | <b>36</b> |
| SAMMENDRAG   | 36        |
| <i>Komite D merknader</i>                                    | 36        |
| UNGDOMMENS KIRKEMØTE VEDTAK                                  | 38        |
| <b>UKM 08/22 FOKUSSAK UNGDOMMENS KIRKEMØTE 2023</b>          | <b>43</b> |
| UNGDOMMENS KIRKEMØTE VEDTAK                                  | 43        |
| <b>DELEGATER OG OBSERVATØRER</b>                             | <b>45</b> |



# UKM 01.01/22 Konstituering

## Samandrag

Ungdommens kyrkjemøte (UKM) følgjer reglar for ungdomsdemokratiet i Den norske kyrkja og forretningsorden fastsett av Ungdommens kyrkjemøte. Det er Kyrkjemøtet som har vedtatt reglane for ungdomsdemokratiet og rammene for UKM, medan UKM sjølv har ansvar for praktisk gjennomføring av møtet. Regelverket for ungdomsdemokratiet er vedlagt.

Ungdommens kyrkjemøte skal velje tre dirigentar og nemne opp to til å vere teljekorps. Forretningsorden blei sist vedtatt av Ungdommens kyrkjemøte 2021.

## Ungdommens kyrkjemøte vedtak

### I. Forretningsorden Ungdommens kyrkjemøte

#### Kap. 1 Generelle avgjerder

##### § 1-1

Ungdommens Kyrkjemøte skal utføre arbeidet sitt i lojalitet mot Den norske kyrkja sitt læregrunnlag, jf. kyrkjeordninga § 37.

##### § 1-2 Tid og stad for Ungdommens kyrkjemøte

Ungdommens Kyrkjemøte held årlege møte. Tid og stad blir fastsett i samråd med Den norske kyrkja sitt ungdomsutval.

##### § 1-3 Medlemmer av Ungdommens kyrkjemøte

Kven som møter som delegatar og observatørar på Ungdommens Kyrkjemøte blir regulert av § 4 i Reglar for Ungdomsdemokratiet i Den norske kyrkje. Delegatar og observatørar som møter på Ungdommens kyrkjemøte må vere medlemmer av Den norske kyrkja, jf. kyrkjeordninga § 40 første ledd.

##### § 1-4 Møteplikt

Delegatane og representantane med tale- og forslagsrett har frammøteplikt til alle komité og plenumssamlingar. Fråvær i komité eller plenum skal godkjennast av høvesvis komitéleiaren eller dirigentskapet etter skriftleg søknad i forkant av sesjonen, med unntak av akutte hendingar.

##### § 1-5 Invitasjon av gjestar

Ungdommens kyrkjemøte kan gi gjestar og andre inviterte talerett.

##### § 1-6 Protokoll

Det blir ført protokoll frå Ungdommens kyrkjemøte som blir sendt alle oppmøtte delegatar og observatørar. Protokoll blir sendt bispedømmeråd og organisasjonar som er inviterte til Ungdommens kyrkjemøte. Protokollen blir godkjent av Den norske kyrkja sitt ungdomsutval på deira første konstituerande møte.

## **Kap. 2 Saker til behandling**

### § 2-1 Melding av saker

Følgjande instansar kan melde saker for behandling av Ungdommens Kyrkjemøte.

- Den norske kyrkjas ungdomsutval
- Kyrkjerådet
- Ungdomsråda i bispedømme
- Organisasjonar som er invitert til å sende delegat til Ungdommens kyrkjemøte
- Ungdommens kyrkjemøte Andre som ønsker å melde saker til behandling, må gjera det gjennom en av de nemnde instansar.

### § 2-2 Meldefrist

Saker som blir ønskte behandla må meldast Den norske kyrkjas ungdomsutval senast 14 ukar før møtet. Skriftleg grunngeving for saka må til same tid meldes til Kyrkjerådets sekretariat. Den norske kyrkjas ungdomsutval kan etter eiga vurdering føya til saker som kjem opp etter nemnde frist.

### § 2-3 Førebuing og møteinnkalling

Den norske kyrkjas ungdomsutval fremmar, førebur og tilrettelegg saker som skal behandlast av Ungdommens Kyrkjemøte. Invitasjon til Ungdommens kyrkjemøte sendes seinast 6 månader før møtestart. Sakliste og saksdokument skal sendes dei som er påmeldt 4 ukar før møtets start. I særlege tilfelle kan saksdokument ettersendast. Det blir gjort greie for saker som er melde til behandling, men som ikkje er sett opp på saklista. Kyrkjerådet og Den norske kyrkjas ungdomsutval har det praktiske ansvaret for gjennomføring av møtet.

## **Kap. 3 Opning og konstituering**

### § 3-1 Opning og registrering

Ungdommens Kyrkjemøtets opning blir gjord av Den norske kyrkjas ungdomsutval sin leiar, som også leier møtet fram til dirigentskapet er valt. Kyrkjerådets sekretariat sørger for registrering av møtedeltakarar.

### § 3-2. Dirigentskap

Møtet blir leidd av tre dirigentar med personleg vara. Desse skal fortrinnsvis vera medlemmer av Ungdommens Kyrkjemøtet. Begge kjønn skal vera representert. Dirigentskapet blir valt med alminneleg fleirtal. Kyrkjerådets sekretariat har ansvar for oppteljinga. Dirigentskapet overtar leiinga av møtet så snart valet er avgjort.

Møteleiinga har plikt til å leiga forhandlingane i tråd med dei reglane som til kvar tid gjeld for Ungdommens kyrkjemøte jmf § 36 i kyrkjeordninga og vanleg møteskikk.

### § 3-3. Godkjenning av innkalling og sakliste

Dirigentskapet leier godkjenning av innkalling og sakliste og dessutan behandlingsform for møtet. Under konstitueringa kan medlemmer fremme forslag om ekstra saker til behandling, såframt det kan godtgjerast at sakene er ført til av ein kyrkjeleg og/eller samfunnsmessig situasjon som ikkje gjaldt då meldingsfristen for saker gjekk ut. Forslagsstillaren blir gitt høve til ei kort saksorientering med grunngeving, før Ungdommens Kyrkjemøtet avgjer om saka skal komma til behandling. Minst 2/3 av Ungdommens Kyrkjemøtet må gi si tilslutning til dette. Slike saker skal normalt komitébehandles på vanleg måte.



### § 3-4 Teljekorps

Når møtet begynner, skal det oppnånnas eit teljekorps bestående av 2 representantar frå sekretariatet som under møtet rettar seg etter tilvisingar frå møteleiinga.

### § 3-5 Valkomité

Ungdommens kyrkjemøte veljar ein valkomité som skal førebu valet av Den norske kyrkja ungdomsutval, deriblant leiari, representantar til Kyrkjemøtet og ny valkomité på det påfølgjande møtet. Valkomiteen består av to valgte delegatar frå Ungdommens kyrkjemøte samt eit medlem som oppnemnst av Den norske kyrkjas ungdomsutval. Valkomiteens medlemmar er utestengt frå val til Den norske kyrkjas ungdomsutval og representant frå Ungdommens kyrkjemøte til Kyrkjemøtet påfølgjande år. Ungdommens kyrkjemøte fastsett nærmare retningslinjer for valkomiteen.

## Kap 4 Dagsorden

### § 4-1 Dagsorden

Ungdommens Kyrkjemøte arbeider dels gjennom plenumssamlingar og dels gjennom komitear. Ungdommens Kyrkjemøtet fattar vedtak om dagsorden. Forslag om endra dagsorden blir framlagt for og blir sett fram av dirigentskapet. Forslaget om endra dagsorden skal vera grunnitt.

## Kap. 5 Komiteane

### § 5-1. Komitesammensetting

Sekretariatet i Kyrkjerådet set saman komiteane.

### § 5-2 Komiteledelse

Den norske kyrkjes ungdomsutval veljer komitéleiar. Leiaren har ansvar for å koordinere arbeidet i komiteen. Komiteane veljar saksordførarar til dei enkelte saker.

### § 5-3 Komitéens arbeid

Møta til komiteen er lukka. Komiteen vel den arbeidsforma og organiseringa som ein finn mest tenleg, for eksempel skiping av underkomitear. Komiteen kan innhenta utsegner. Kvar komité skal ha nødvendig sekretærhjelp.

### § 5-4 Innstilling

Saker behandlast vanlegvis minst to gongar i komitéen, og skal resultere i ein kortfatta skriftlege innstilling til Ungdommens Kyrkjemøte. Innstillinga skal innehalde komiteens merknadar for det eller de forslag som framleggast.

I saker der komiteen er delt, har mindretalet rett til å ta inn grunngivinga si og alternative forslag som ein del av innstillinga. Fleirtalet og mindretalet skal ha like lang taletid i plenum. For at ein komité skal vere vedtaksfør, må 2/3 av medlemmane vere til stades

## Kap. 6 Plenum

### § 6-1 Tidsfristar i plenum

I saker som har vært behandle i en av komiteane, skal innstilling føreligge utdelt før sesjonen begynner.

### § 6-2. Behandlingsform

Ungdommens Kyrkjemøte vedtar behandlingsform for dei enkelte saker. Saker skal som hovudregel komme til behandling i minst to åtskilte plenumssamlingar. Innstillinga frå komiteane framleggast i plenum av saksordførar eller et annet medlem av komiteen.

### § 6-3. Endringsforslag

Forslag som ein delegat eller observatør ønsker å få tatt opp til votering, skal givast dirigentskapet skriftlege på papir eller ved bruk av elektronisk møtesystem straks etter at det er set fram, påført forslagsstillars namn. Endringsforslag skal vere fremma i første plenumsbehandling, normalt i starten av debatten. Nye forslag skal som hovudregel ikkje fremma i seinare plenumsbehandlingar, med mindre det rører eit punkt i forslaget komiteen har til vedtak som er nytt i forhold til første plenumsbehandling.

## **Kap 7 Om debatten**

### § 7-1 Innlegg og replikk

Under debatt i plenum tillatast to replikkar og ein svarreplikk i samband med kvart innlegg. Innlegg til dagsorden, forretningsorden, voteringsorden eller for oppklaring av openbart misforståing får ein ved å visa stemmeteikn og seia "til dagsorden", "til forretningsorden", "til voteringsorden" eller "til oppklaring av openbart misforståing". Slike innlegg skal sleppast til utanom talarlistene, og berre omhandla saksbehandlinga, ikkje sjølve saka. I behandlinga av sakene på sakslistene, kan dirigentskapet la representant for komiteen, Den norske kyrkjas ungdomsutvals leiar og representant frå sekretariatet sleppa til utanom talarlista for å svara på spørsmål eller oppklaring av misforståingar. Forslag i saksspørsmål som ikkje gjeld dagsorden, forretningsorden eller voteringsorden, skal formest skriftlege og leverast dirigentskapet.

### § 7-2 Taletid

Dirigentskapet skal, når det er påkravd, regulere taletid og høve til replikk. Når dirigentskapet ønskjer å setje strek, skal ein kunne teikne seg under innlegget til den neste talaren. Forslag om å avbryte ei sak, oppheve at strek er sett eller gå direkte til røysting, skal takast direkte opp til votering. Før dirigenten set strek for ein debatt, må alle forslag som det skal voterast over, vera presentert, og talarlistene skal refererast

### § 7-3 Røysteplikt

Delegatar til Ungdommens kyrkjemøte har røysteplikt. Ungdommens kyrkjemøte kan vedta å fråvike dette prinsippet i enkeltsaker. Delegatar frå organisasjonane kan avstå frå røysting der organisasjonen har fatta eit vedtak som gjer at røysting er vanskeleg.

### § 7-4 Om avstemmingar

Før ein går til votering, gjer dirigentskapet greie for voteringsordenen. Dirigentskapet avgjer voteringsordenen i samsvar med god møteskikk, slik at forslag blir tekne opp til votering i logisk rekkjefølgje. Røysting skal gjennomførast ved at det blir vist røysteteikn, ved skriftleg røysting eller ved bruk av elektronisk møtesystem. Det kan berre røystast ved personleg frammøte. Vedtak skal ha alminneleg fleirtal.

### § 7-5 Avstemmingar ved personval

Ved personval er den eller dei valt som har fått meir enn halvparten av dei gitte røystene (alminneleg fleirtal). Om ingen eller eit for lågt tal får slikt fleirtal, blir ein ny røysting gjennomført. Om ingen eller eit for lågt tal får slikt fleirtal etter andre røysting, blir nok ein røysting gjennomført. Ved denne er den eller dei valt som har fått flest stemmer (simpelt fleirtal).

Vararepresentantar til Kyrkjemøte veljast i egen valrunde, og veljast ved simpelt fleirtal. Ved val er det møteleiinga som fastsett voteringsorden.

## **Kap 8 Andre avgjerder**

### § 8-1 Representantar til Kyrkjemøtet

Ungdommens kyrkjemøte sender fire representantar med tale- og forlagsrett til å delta på Kyrkjemøtet. Representantane veljast blant delegatane til Ungdommens kyrkjemøte etter tilråding frå valkomiteen. Ungdommens kyrkjemøte veljar òg vararepresentantar frå Ungdommens kyrkjemøte til Kyrkjemøtet i ein særskilt røysting med simpelt fleirtal.

### § 8-2 Endring av forretningsorden

Endringar i denne forretningsorden krev 2/3 fleirtal.

### § 8-3 Ferdigstilling av protokoll

Sekretariatet i Kyrkjerådet får fullmakt til å rette skrivefeil og til å gjere redaksjonelle endringar i protokoll frå Ungdommens kyrkjemøte.

II. Til dirigentskap på Ungdommens kyrkjemøte veljast  
Matilde Ødegård, Den norske kyrkjes ungdomsutval/Hamar  
Christian H. Klaussen, Den norske kyrkjes ungdomsutval/Sør-Hålogaland  
Frida Pynnten, Valkomite på Ungdommens kyrkjemøte 2022/Nidaros

III. Til teljekorps under Ungdommens kyrkjemøte oppnemnas to ungdomsrådgjevera som er tilstades i møtesal under oppteljing.

## **Saksorientering**

### **Bakgrunn**

Ungdommens kyrkjemøte (UKM) følgjer reglar for ungdomsdemokratiet i Den norske kyrkja og forretningsorden fastsett av Ungdommens kyrkjemøte. Det er Kyrkjemøtet som har vedtatt reglane for ungdomsdemokratiet og rammene for UKM, medan UKM sjølv har ansvar for praktisk gjennomføring av møtet. Regelverket for ungdomsdemokratiet er vedlagt denne saka og er grunnlaget for forretningsorden.

Forretningsorden ble sist vedtekt av Ungdommens kyrkjemøte 2021.

Den norske kyrkjes ungdomsutval legger frem saker til Ungdommens kyrkjemøte. Til denne saka blir det lagt fram forslag til en ny forretningsorden som bygger på strukturen til Kyrkjemøtets forretningsorden.

Det er også hente inn paragrafer frå Kyrkjemøtets forretningsorden som allereie har vært møteskikk på Ungdommens kyrkjemøte, men som ikkje tidlegare har vært en del av Ungdommens kyrkjemøte sin forretningsorden.



Dei viktigaste endringane er:

- Kapittelinnending av forretningsorden.
- Kapitel 1 har tatt inn punkt frå Regler for ungdomsdemokratiet i Den norske kyrkja

§ 1-1 er ny, med likelydande formulering som Kyrkjemøte har for § 1-1

§ 1-2 er ny, men ein tydeliggjering av allereie etablert praksis.

§ 1-4 er ein tydeliggjering av tidlegare punkt 8 i tidlegare vedtatt forretningsorden

§ 1-6 er ny, men tydeliggjering av allereie etablert praksis.

- Kapitel 2 er ein tydeliggjering av allereie etablert praksis, men ikkje vore skriftleggjort tidlegare.
- Kapitel 3 inneheld tidlegare punkt 2, punkt 3, punkt 18.

Andre paragrafar er henta frå Kyrkjemøtets forretningsorden.

- Kapitel 4 er henta frå Kyrkjemøtets forretningsorden, og i samsvar med tidlegare etablert praksis.
- Kapitel 5 inneheld tidlegare punkt 10, 11, 12, 13 og 14.

Desse punkta er noko forkorta og har tatt inn allereie etablert praksis.

- Kapitel 6

§ 6-1 inneheld tidlegare punkt 8

§ 6-2 til 4 er nye, og bygger på Kyrkjemøtets forretningsorden

- Kapitel 7

§ 7-1 er punkt 4 og 6 frå tidlegare forretningsorden

§ 7-2 er tidlegare punkt 5

§ 7-3 er del to av punkt 15

§ 7-4 er første del av punkt 15

- Kapitel 8

§ 8-1 er tidlegare punkt 19

§ 8-3 er tidlegare punkt 20

Ungdommens kyrkjemøte skal i denne saka velje tre til å vere dirigentskap og skal oppnemna to til å vere teljekorps. Dirigentskapet leier plenumssamlingane og står for møteleiinga. Teljekorpset skal etter forslag til ny forretningsorden oppnemnas av UKM blant tilsette og sekretariat.

## UKM 01.02/22 Mandat for valkomiteen

### Samandrag

Ungdommens kyrkjemøte vedtek årleg mandat for valkomiteen som førebur val til Ungdommens kyrkjemøte.

Mandat for valkomiteen blei sist vedteke på Ungdommens kyrkjemøte 2021.

### Ungdommens kyrkjemøtet vedtak

#### Mandat for valkomiteen Ungdommens kyrkjemøte 2023

1. Ungdommens Kyrkjemøte valkomiteen (frå no av: valkomiteen) førebur Ungdommens kyrkjemøte (frå no av: UKM) sine val av Den norske kyrkja sitt ungdomsutval, 3 representantar til Kyrkjemøtet og av ny valkomité.
2. Valkomiteen vel sjølv leiar. Leiar for valkomiteen kallar inn til møta i komiteen og presenterer forslaget frå komiteen på UKM.
3. Medlemmene i valkomiteen kan ikkje stille til val til Den norske kyrkja sitt ungdomsutval eller til val som representant frå UKM til Kyrkjemøtet, men er valbare til valkomiteen dersom dei er delegatar. Leiar og ordinære medlemmer i utvalet og representantar til Kyrkjemøtet skal veljast blant UKM sine delegatar. Valkomiteen får den sekretærbistanden frå Kyrkjerådet sitt sekretariatet som er nødvendig for å kunne gjennomføre oppgåvene sine på ein formålstenleg måte.

#### Forslag og nominasjon til Den norske kyrkja sitt ungdomsutval

4. Valkomiteen ber ungdomsråda og dei organisasjonane som har rett til å sende delegatar, om å foreslå kandidatar til leiar av Den norske kyrkja sitt ungdomsutval og kandidatar som medlemmer i Den norske kyrkja sitt ungdomsutval innan UKM sin påmeldingsfrist.
5. Valkomiteen kan spørja sitjande medlemmer som kan veljast att om dei tar imot attval.
6. Valkomiteen ber UKM kome med forslag på kandidatar til medlemmer i Den norske kyrkja sitt ungdomsutval innan 60 timar før valgjennomføring, og valkomiteen presenterer vallista si innan 48 timar før valgjennomføring.
7. Valkomiteen fremmer på dette grunnlaget ei valliste med: a) Ein til tre kandidatar til leiar av Den norske kyrkja sitt ungdomsutval, i alfabetisk rekkefølge, det året det skal veljast leiar. b) Kandidatar til val som ordinært medlem av Den norske kyrkja sitt ungdomsutval. Oversyna over kandidatar skal vere delt i to. Øvst på lista skal valkomiteen prioritere minst det talet kandidatar som det skal veljast. Resten av kandidatane som stiller til val, skal førast opp på vallista i alfabetisk rekkefølge under dei prioriterte kandidatane.
8. Valkomiteen skal i prioriteringane sine sikre at lista er balansert når det gjeld kjønn og geografi, og ta i vare breidda når det gjeld bakgrunn. Innstillinga må ta i vare ei heilskapleg vurdering i forhold til sitjande medlemmer.

#### Nominasjon av kandidatar som representant til Kyrkjemøtet

9. Valkomiteen ber UKM om å kome med forslag på kandidatar som representantar til Kyrkjemøtet innan 60 timar før valgjennomføring, og valkomiteen presenterer vallista si innan 48 timar før valgjennomføring.

10. Valkomiteen fremmer på grunnlag av innkomne innspel ei liste med kandidatar som representantar til Kyrkjemøtet. Lista skal vera i alfabetisk rekkefølge.

### **Nominasjon av kandidatar til valkomiteen.**

11. Valkomiteen skal fremme forslag til to medlemmer til ny valkomité. Valkomiteen består av eitt medlem av Den norske kyrkja sitt ungdomsutval oppnemnt av dette utvalet, og to av UKM sine delegatar, valt av UKM. Kandidatane må vere delegatar på valtidspunktet.
12. Medlemmene i valkomiteen som ikkje er delegatar på det følgjande UKM møter i samsvar med reglar for ungdomsdemokrati på UKM, med tale- og forslagsrett jf. § 4.

## **Saksorientering**

### **Bakgrunn**

Ungdommens kyrkjemøte vedtek årleg mandat for valkomiteen som førebur val til Ungdommens kyrkjemøte. Mandat for valkomiteen blei vedteke under Ungdommens kyrkjemøte 2021.

Det er ikkje foreslått endringar i mandat for valkomité for Ungdommens kyrkjemøte 2023.

## UKM 02/22 Orienteringar

### Samandrag

Til Ungdommens kyrkjemøte presenterte alle organisasjonar og ungdomsråd kva dei har arbeidd med sidan Ungdommens kyrkjemøte 2021.

Ut over orienteringa om korleis sakane frå UKM 2021 har vore følgt opp, og korleis fokussaka er blitt følgt opp i ungdomsråd og på ungdomsting, informerte ungdomsråd og organisasjonar om arbeidet elles.

DnkU og SUNG orienterte om verksemda si.

### Ungdommens kyrkjemøte vedtak

Ungdommens kyrkjemøte tek sakene som er lagt fram til orientering.

### Saksorientering

#### Bakgrunn

Til Ungdommens kyrkjemøte presenterer alle organisasjonar og ungdomsråd kva dei har arbeidd med sidan Ungdommens kyrkjemøte 2021. Tidsramma for orienteringa er 2 minutt. Ut over orienteringa om korleis sakane frå UKM 2021 vore følgt opp, og korleis fokussaka er blitt følgt opp i ungdomsråd og på ungdomsting, kan ungdomsråd og organisasjonar informere om arbeidet elles, dersom det er tid. DnkU og SUNG orienterer om verksemda si.

#### Orientering frå Den norske kyrkja sitt ungdomsutval

DnkU orienterer om korleis sakene frå UKM 2021 har vore følgt opp og kva dei har arbeidd med det siste året.

#### Orientering frå Samisk ungdomsutval

SUNG orienterer om korleis sakane frå UKM 2021 har vore følgt opp og kva dei har arbeidd med det siste året.

#### Rapport frå arbeidet i ungdomsråda i bispedøma

Delegatane frå kvart bispedømme presenterer arbeidet i bispedømmet med fokus på: Korleis har sakene frå UKM 2021 vore følgt opp? Korleis har fokussaka blitt følgt opp i ungdomsråd og på ungdomsting?

#### Rapport frå Ungdomsorganisasjonane

Delegatane frå kvar organisasjon presenterer arbeidet i organisasjonen med fokus på: Korleis har sakene frå UKM 2021 vore følgt opp? Korleis har fokussaka blitt følgt opp i organisasjonen?

## UKM 03/22 Val på Ungdommens kyrkjemøte 2022

### Samandrag

Ungdommens kyrkjemøte gjennomførte fleire val. Valkomiteén som vart valt på UKM 2021 har vore:

Frida Pynten, leiar  
Inga Dekko, medlem  
Sondre Søndervik, DnkU-representant

Til Ungdommens kyrkjemøte er Nora Antonsen supplert inn som medlem på vegner av Den norske kyrkja sitt ungdomsutval.

### Ungdommens kyrkjemøte vedtak

Leiar av Den norske kyrkja sitt ungdomsutval for to år:  
Thomas Raadin Iversen, DnkU/Borg bispedøme

#### **3 medlemmar av Den norske kyrkja sitt ungdomsutval for 2 år:**

Amanda Anvar, DnkU/Oslo bispedøme  
Elise Skjærven Aas, Bjørgvin bispedøme  
Camilla Mariann Skjældal Cazon, Stavanger bispedøme

#### **1 medlem av Den norske kyrkja sitt ungdomsutval for 1 år:**

Dennis Lund, UKM på Kyrkjemøte 2022/ Borg bispedøme

#### **3 representantar til Kyrkjemøtet 2023:**

Malin Hegenscheidt, Agder og Telemark bispedøme  
Ole Andreas Grøtte Børnes, Den norske kirkes Ungdomsutvalg  
Sofie Marcelie Hopshaug Bakke, Nidaros bispedøme

#### **2 medlemmar av valkomiteen for Ungdommens kyrkjemøte 2023**

Jannike Johannessen, Bjørgvin bispedøme  
Kristina Rimstad, Nord-Hålogaland bispedøme

## Saksorientering

### Bakgrunn

Ungdommens kyrkjemøte skal velje tre delegatar til å reise på Kyrkjemøtet 2023. Kyrkjemøtet blir arrangert 4. - 9. august 2023 i Trondheim, med formøte for delegatar som reiser på vegner av Ungdommens kyrkjemøte.

For dei tre representantane vel UKM 2022 også vararepresentantar i rekkefølge. Leiar av Den norske kyrkja sitt ungdomsutval reiser også til Kyrkjemøtet 2023.

Den norske kyrkja sitt ungdomsutval (DnkU) skal vere Den norske kyrkja sitt rådgivande organ i saker som gjeld unge sin situasjon i kyrkje og samfunn, både nasjonalt og internasjonalt, og skal hjelpe til ved førebuing og gjennomføring av Ungdommens kyrkjemøte. Utvalet kan også på eige initiativ ta opp aktuelle saker innan sitt område.

Ungdommens kyrkjemøte skal velje:

- 3 medlemmar av DnkU for to år

- 1 medlem av DnkU for eitt år.

Valkomiteen til Ungdommens Kyrkjemøte 2023 har ansvar for å skaffe kandidatar til vala under møtet.

Dei som skal sitje i valkomiteen kan ikkje stille til val på neste års Ungdommens kyrkjemøte, verken som medlem til DnkU eller som representant til Kyrkjemøtet 2024. Det er høve til å ta attval til valkomiteen om ein er delegat til møtet. DnkU nemner opp ein representant og Ungdommens kyrkjemøte vel ytterlegare to medlemmar til valkomiteen.

## UKM 04/22 Trusopplæring for framtida

### Samandrag

Med fokussaka på Ungdommens kyrkjemøte 2022 (UKM 2022) “Trusopplæring for framtida” blir ungdom invitert til å bidra med sine tankar og refleksjonar til korleis plan for undervisning og læring i Den norske kyrkja skal sjå ut i framtida.

### Komite A merknader

#### Generelle merknader

Komiteen har gjort ei større omstrukturering av dei opphavlege vedtaks punkta som låg i forslaget frå Den norske kyrkja sitt ungdomsutval. Bakgrunnen for desse endringane er at vedtaks punkta var lange og bestod av argumenterande element. Argumentasjon og refleksjon er i innstillinga frå komiteen flytta opp i merknader som samsvarer med nummereringa til vedtaks punkta. Komiteen har òg lagt inn ein eigen del med generelle merknader som ikkje er direkte knytte til eit vedtaks punkt (pkt. 10-14).

Komiteen såg òg at to av vedtaks punkta delvis overlappar tematisk og har dermed valt å slå desse saman (opphavleg pkt. 5 og 6, kor pkt. 6 er flytta opp i merknad til pkt. 5).

Etter samtale om samarbeid med dei kristne barne- og ungdomsorganisasjonane blei det fremma forslag i komiteen om å legge inn eit eige vedtaks punkt om kontaktpunkt på bispedømmenivå mellom Den norske kyrkja og dei kristne barne- og ungdomsorganisasjonane. Det blei gjort for å ta vare på intensjonen i samhandlingsplattforma Kirkens unge<sup>1</sup>. Momentet ligg inne som nytt vedtaks punkt 7.

Det kom òg fram forslag i komiteen om å legge inn ivaretaking av minoritetsperspektiv. Dette forslaget har blitt inkorporert i ein av merknadene (pkt. 2), og i to nye merknader (pkt. 8 og 9), og dessutan to nye vedtaks punkt (pkt. 8 og 9).

Komiteen vil framheve viktigheita av at trusopplæringa er tilrettelagt og universelt utforma, slik at menneske med ulik grad av funksjonsnedsetjing kan delta (jf. UKM 07/22).

Vi ønsker frivillig engasjement og medverknad, i til dømes arbeid med den lokale trusopplæringsplanen, men ein må hugse på at dette er dei same menneska som òg er engasjerte i anna arbeid i kyrkja. Dersom ein først vel å engasjera seg, opplever mange at dei blir pressa til å delta på forskjellige arenaer: til dømes å både vere konfirmantleiar og jobbe i kyrkja på søndagar. Det opplevast som rovdrift av dei unge frivillige (jf. UKM 06/20). Opplevinga blir at det blir forventet for mykje, og kyrkja blir ikkje ein fristad. Det er viktig at unge menneske kan vere med i kyrkja på eigne premissar utan å trenge prestere i alle situasjonar. Dette gjeld òg den samiske representasjonen.

---

<sup>1</sup> **Kirkens unge** er en strategisk plattform for forpliktende samhandling om Den norske kirkes barne- og ungdomsarbeid, mellom kirken og kristne barne- og ungdomsorganisasjoner. Plattformen er utarbeidet av Samarbeidsrådet for barne- og ungdomsorganisasjoner (SBU), og elleve organisasjoner forpliktet seg i januar 2018.

Kyrkja skal legge til rette for at ungdom får moglegheit til samtalar om tru og liv med nokon som er kompetente lyttarar.

Formen på undervisninga er viktig å diskutere når rammeplanen for ungdom og unge vaksne skal utarbeidast. Undervisninga må ha varierte former som engasjerer unge menneske og ha ei meir interaktiv og samtalebasert undervisning.

Eksterne bidragsytarar, besøk, dialog framfor forelesning/monolog, bruk av spørsmål, drama, rap, dans, song, kunst og musikk, aktivitetar, konkurransar, leik og workshops kan styrkja undervisninga for unge. Det finst allereie mange gode opplegg som kan takast i bruk., laga både av kyrkjelydane og organisasjonane. Det må òg vere rom for stille refleksjon og sjølvrefleksjon. Ulike gudstenesteformer som gospelnights og ungdomsgudstenester kan leggje til rette for at fleire unge deltek i gudstenestepraksis. Unge kan og være med og skape noko ein kan syne fram for yngre barn.

Alder er viktig når forma og innhaldet til undervisninga blir diskutert. Nokre arbeidsmåtar passar både barn, ungdom og unge vaksne, medan andre passar best for eldre barn eller ungdom.

Kyrkjerådet oppfordrast til å undersøkje om det er formålstenleg å halde oppe eit timekrav på 315 timar for 0-18 pr. år, eller om dette skal justerast ut ifrå talet på døypte. Tildelinga av middel til kyrkjelyden følgjer talet på døypte under 18 år i soknet. Det betyr at mange små kyrkjelydar har avgrensa med ressursar og har utfordringar med å imøtekomme timekravet. Likevel vil komiteen løfte fram at dette ikkje skal brukast som argument for å nedprioritere trusopplæring.

### **Merknader til vedtakspunkt:**

Merknad til vedtakspunkt 1: Komiteen ønskjer at ungdom kan få større tilgang og eigarskap til kyrkjeromma. Dette kan til dømes gjerast ved å leggje til rette for pop-up lesesal med gruppesamtalar og måltidsfellesskap i kyrkja. Kyrkjelydane som har ressursar til det blir oppmoda til å ha kontinuerlege tilbod.

Kyrkjerommet kan òg gjerast tilgjengeleg som øvingslokale for unge med interesse for kyrkjemusikk, med tanke på tilgang på instrument og akustikk (jf. UKM 08/20).

Merknad til vedtakspunkt 2: Myndigheitsfasen bør få ekstra fokus då myndigalderen fører med seg både uvisse og nye moglegheiter. Kyrkja lokalt kan invitera til «breiddetiltak» i samband med russetida, der fellesskap og spørsmål som er viktig for ungdom som er i ferd med å bli vaksne står i fokus. Her kan dei kristne barne- og ungdomsorganisasjonane bidra med allereie eksisterande opplegg og ressursar.

Kyrkja oppfordrast til å tilby unge menneske samtaleopplegg om viktige tema som bidrar til livsmeistring i lys av bibel og kristen tradisjon. Ofte kan det handla om både trusspørsmål og korleis vere trygg i trua si, men òg om kvardagsnære spørsmål, slik som økonomi, relasjonar, respekt, identitetsdanning, seksuell helse, rus og alkohol. Aktuelle tema kan vere korleis lese og tolke Bibelen, tru og vitskap, trur eg nok, tvil, trusforsvar, individuell versus kollektiv tru, tru som identitetsbyggjar, mangfaldet i



kyrkja, synd/tilgjeving/nåde, truspraksis og bøn, kyrkje som kultur- og historieberar<sup>2</sup>.

Kyrkja må og opna meir opp for å invitere eksterne fagpersonar, slik som til dømes økonomar, psykologar, sexologar og andre, som kan belysa spørsmåla som kyrkja sjølv har avgrensa kompetanse om.

Merknad til vedtakspunkt 3. Jesus samla menneske for å fortelje om Guds rike og dette er framleis kyrkja si oppgåve. I den livsfasen unge menneske er i, er det vanleg å vere på flyttefot, samtidig som dei har behov for tilhøyrsløse, venskap og for å styrkje og utvikle den kristne identiteten sin og kvardagstrua si. Kyrkjelydane må samarbeide om å møte behov til ungdom som flyttar i forbindelse med studium, lærlingtid, jobb eller av andre årsaker. Det betyr mellom anna å styrkje samtaletilbod, basert på online bookingstjeneste for samtalar, men og invitere ungdom til kristne fellesskap der dei kan skape nye relasjonar og venskap. Kyrkjelydane må fortelje aktivt om tilbodet for unge i den lokale kyrkja. Kyrkjelydane lokalt må finne hensiktsmessige måtar å nå unge på for å fortelje om sitt tilbod, det kan til dømes vere velkomstveke for studentar. Ein må huske på at den første tida etter flytting blir prega av at ein må forhalda seg til mange nye ting og kan derfor gå glipp av informasjonen om tilbodet til kyrkja. Ein må derfor halda fram med å gjera tiltak kjent i lengre tid enn den første veka etter til dømes skolestart.

Merknad til vedtakspunkt 4: Ungdom kan lett oppleve seg oversett og ikkje høyrd i saker som gjeld dei. Det er viktig med ung representasjon i soknerådet, då det er det organet som vedtek dei lokale trusopplæringsplanane som dei tilsette jobbar etter.

Det må leggjast til rette for og jobbast aktivt med at stemma til ungdommen høyrest i sokneråda. Dette kan gjerast anten ved at ungdom blir vald inn i soknerådet, eller ved at det blir etablert ei «tillitsvaldsordning» for ungdom på sokne- eller fellelsrådsnivå. Ungdom som har delteke på ungdomsting skal alltid inviterast til soknerådsmøte for å dele erfaringane og tankane sine med soknerådet. Dette gjeld ikkje berre dei sokneråda som har delegatar, men alle sokneråd. Om kyrkja nasjonalt og lokalt vel å satsa endå meir på ung medverknad og ungdomsdemokrati, bør det følgja med ressursar til denne satsinga.

For å auka ungt engasjement og deltaking, må ein jobba meir med forma og rammene for soknerådsmøta. Ungdom kan involverast på andre måtar, ikkje berre som faste representantar. Ikkje minst er det viktig å ha eit reflektert forhold til rekruttering og involvering av minoritetsungdom, slik som representantar til SUNG.

Merknad til vedtakspunkt 5: Å ta inn kyrkjelivet og sedvanane til unge minoritetar i trusopplæringa styrkjer identiteten deira. Særleg gjeld dette for samiske kristne. Som urfolk har dei ein rett til å utvikle egne kulturuttrykk og dermed eit eige kyrkjeliv. Likevel er det viktig å hugse at samisk kyrkjeliv og er ein del av Den norske kyrkja, og dermed ikkje bør handsamast som noko særskild, men som ein del av noko som alle tek del i.

Komitéen vil framheve at det er viktig å fylgje med på korleis tradisjonane til unge minoritetar endrar seg, og gje rom for nye uttrykk i kyrkjelivet deira. Trusopplæringa

---

<sup>2</sup> UKM 08/17, UKM 05/20, UKM 07/20, UKM 04/21, UKM 05/21, UKM 07/21

bør ikkje berre undervise om tradisjonane, men óg gje ungdom høve til å endre og utvikle desse (jf. UKM 05/20).

Merknad til vedtakspunkt 6: Kyrkja har vore ein pådrivar for å skilje minoritetar frå trua si. Dimed lyt forsoning bli ein viktig del av trusopplæringa framover, slik at minoritetsungdom kjenner seg som ein likeverdig del av kyrkja. Forsoning i kyrkja har og ringverknader i samfunnet, når det blir arbeidd med haldningane til menneske.

Ein bør jobba med informasjon om tilbod til minoritetar, kjennskap om minoritetar, bygge ned «vi-dykk»-tankegang og trekke liner til forteljingar frå Bibelen.

Merknad til vedtakspunkt 7: Komiteen meiner at det er viktig å skape møteplassar for unge, der dei kan møtast og samtale på tvers av sokne- og fellesrådsgrensar, men og på tvers av trus- og livssynssamfunn. Menneske som trur har mykje til felles. Gjennom samtalar og dialog kan truande menneske styrkje trusfridommen og jobbe saman for å knuse fordommar om kva det vil seie å vere religiøs. Gjennom religionsdialog kan unge menneske bli kjende med og utvikle toleranse for trua til andre menneske, men og styrkje sin eigen religiøse og kulturelle identitet og få inspirasjon til å utvikle eigen truspraksis.

Kyrkja skal òg vere arena for internasjonal dialog og jobbe aktivt for å inkludere truspraksisane til minoritetane og truserfaringar på tvers av landegrensene, men og på tvers av områda i Noreg. Det må prioriterast ressursar for å trykkje opp bøker som er tilgjengelege for alle kyrkjelydane, på minoritetsspråk.

Mange menneske med samisk ætt bor i Oslo og på Austlandet, men og elles i landet. Derfor bør alle barn og unge i heile landet, ikkje berre i tradisjonelt samiske områda, lære om samisk kyrkjeliv og kyrkehistorie.

Merknad til vedtakspunkt 8: Kyrkjelydane har ofte eit ungdomsarbeid som dei har eigarskap til og som er forankra lokalt. Dei kristne barne- og ungdomsorganisasjonane, både store og små, er viktige samarbeidspartnarar for kyrkja i arbeidet for og med unge menneske. Festivalar og leir i skuleferiane kan vere døme på aktivitetar der organisasjonane og kyrkjelydane kan spele på lag for å skape møteplassar for både heimebuande og bortebuande ungdom. Men det er òg viktig å invitere til ulike opne punkttiltak på dei kontinuerlege aktivitetane lokalt. Døme på ein slik aktivitet kan vera salmekveld for barn som blir knytt til ei vanleg korøving. Dette opnar for at barn og unge kan bli kjende med kyrkja og organisasjonane sine tilbod og få moglegheit til å bli med i etterkant. Kyrkjelydane, men og organisasjonane, er ulike. Lokal fridom og dialog er derfor viktig.

Merknad til vedtakspunkt 9: Biskopen i kvart bispedømme kan invitere til samarbeidsmøte mellom dei kristne barne- og ungdomsorganisasjonane og kyrkjelydane i Den norske kyrkja. Der kan ein diskutere korleis organisasjonane kan bidra ut frå trusopplæringsplanen til kyrkjelyden. Ein kan t.d. laga felleskalender eller bli samd om ein aktivitet som organisasjonane kan lage eller bidra til ut frå kompetansen sin.

## Ungdommens kyrkjemøte vedtak

UKM ber om at:

1. Kyrkjerommet blir gjort meir ope for ungdom.
2. Kyrkjelydane skal leggje til rette for eit inkluderande fellesskap som inviterer til refleksjon om tru og livsrelevante spørsmål.
3. Når ungdom flyttar bør ein samarbeide på tvers av kyrkjelydar og prosti for å møte ungdom der de er.
4. Ung medverknad og ungdomsdemokrati lokalt skal styrkjast.
5. Kyrkjelydane skal inkludere kyrkjelivet til unge minoritetar i trusopplæringa si, særskild til minoritetar som har ein tradisjon innafor soknet.
6. Kyrkja skal trekkje inn forsoning i trusopplæringa. Forsoninga skal vere framtidsretta og gå ut frå eit livskraftig og utviklande kyrkjeliv og styrkje det internasjonale forsoningsarbeidet.
7. Kyrkja nasjonalt og lokalt må jobbe for å leggje til rette for tverreligiøse, økumeniske og interkulturelle møtepunkt for unge menneske.
